

Innspeling: Anders E. Røine og Niels J. Røine, i Utne Kyrkja 10.–11. november 2007.

Produsent: Niels J. Røine.

Miks og mastering: Fridtjof A. Lindeman, Strype audio.

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson.

Foto: Hanne Solheim.

Engelsk omsetjing: Svein Svarverud.

Økonomisk støtte: Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde, Sparebanken Hardanger, Ulvik herad, Kvemmingen spel- og dansarlag, Hardanger historielag og Rådet for folkemusikk og folkedans.

#### Takk til:

Niels Jørgen, Anders Erik, Frode og Tore i Ta:lik.

Paul Vindal for lån av Hellandfela.

Utne Kyrkja for lån til innspeling.

Åse Teigland for inspirasjon og kommentarar.

Jan Asbjørn Utne for kontroll av væskebalansen til teknikarar og spelemann.

Olav Vindal som servicemann på instrument.

Oddmund Hus for innspel og alltid positive energi.

Gamle Bergen Museum for lån av fotoatelier.

Hardanger folkemuseum og Hordaland Fylkeskommune for arbeid.

Ingrid, Lina-Maria og Mona.

Takk Stian.

ta:lik

# Frank Rolland

hardingfele





12.

**Rull** after Anders Kjerland. One of several excellent dance tunes in violin tuning. I learnt it from Håvard Kvandal (1910–2005), a very close friend and excellent mentor that I just can't praise highly enough. I really miss the trips to Kvandal to play and chat with Håvard. There were periods when we were on the phone more or less daily. When I picked up the receiver, he'd say: "Hello, it's me," and we'd be in the middle of conversation. Håvard had a huge repertoire and knew the tunes note by note, exactly the way he had learnt them. My best musical moments were definitely in the small red house in Kvandal, after some strong coffee and cinnamon rolls with lingonberry jam.

13.

**Bjotveiten**, rull. This tune is after the fiddler Engjel Olavson Bjotveit (1756–1832), who was also a fiddle-maker. I learnt it from Knut Hamre.

14.

**Storasenslått**en, rull.

Originally, this tune would be played as the newly-weds went to bed on their wedding night. I don't think it has been used in this manner in recent times, but for my own wedding, two fiddlers took it upon themselves to revive the tradition. A fiddler sending the newly-weds off to bed is all well and good, but having to share our bed with two fiddlers felt a bit crowded. Thanks to Einar and Knut for preserving the tradition.

15.

**Huldreslått 1**. After Eirik Eirikson Medås. Knut Hamre taught me these tunes evoking images of the Norwegian wood-nymph, the hulder.

16.

**Anders Kjerlands minne**.

Springar by Eivind Mo (1904–1995). In the early 1970s, Leif Rygg stopped by Eivind Mo on his way home from a championship in Tuddal. Eivind had just written this fabulous springar, and told Leif to take it with him westward. Later on, Leif stopped by Kjell Midtun just as Anders Kjerland was visiting. Thus, Anders received Eivind's tribute by way of Leif. A nice anecdote involving three of my favourite fiddlers; Knut Hamre taught me the tune.

17.

**Springar etter Oddmund**

**Urheim**. This tune had all but faded into oblivion in Hardanger when Kjell T. Midtun (1935–1987) learnt it from Eivind Mo in Telemark. I got it from Knut Hamre.

---

**Fiddles used on these recordings:**

Tracks 1, 2, 3, 6, 7, 10, 11, 14, 16 and 17: Håvard Kvandal 1994.

Tracks 4, 8, 9, 12 and 13: Olav G. Helland 1929.

Tracks 5 and 15: Endre E. Sandland 1916.

7.

**Rekveen**, wedding march after Nils Rekve (1777–1846), Voss. This was one of the first tunes Knut Hamre taught me, and I have since heard it in several different versions. Nils Rekve came to a sticky end while attending some friends' wedding in Samnanger in 1846. A fiddler called Kjosaguten was hired for the wedding, but when Rekveen arrived, he was called upon to play. This so enraged Kjosaguten that he poured lye in Rekveen's beer. He was buried in an unmarked grave at Årland cemetery, Samnanger. Fridtjof Ernesviken can be heard performing Rekveen on TA22.

8.

**Springar** after Anders Kjerland. A dance tune in violin tuning. Anders Kjerland was a master at making the most of short tunes like this one. I learnt the tune from one of Kjerland's recordings.

9.

**Rull** after Anders Kjerland. I picked this one up from a recording by Anders Kjerland (1900–1989), who got it from his father, Severin Kjerland (1867–1961). Severin Kjerland was likely one of Anders' best sources for old tunes, having studied with Hans Jakobsen Selland, Ola Håstabø, Halte-Lars and Ola Mosafinn, among others.

10.

**Akslabiten**, rull after Per Bulko (1797–1876). Apparently the title refers to a fellow called Ellings-Sjur, who was very fond of fiddle music and had a habit of sitting on the fiddler's left with his head resting on his shoulder. Whenever he heard a nice tune or a phrase he liked, he would bite the fiddler's shoulder. He did this one time Per Bulko played this tune, and it has been known as Akslabiten ("The bite on the shoulder") ever since. Ingeleiv Kjerland Kvammen taught me this tune.

11.

**Seksaren**, springar. This is one of my favourites and a really demanding tune, after the fiddler Olav Person Sekse (1823–1896), known as Folkedalen after he settled there. He played and exchanged tunes with Myllarguten on several occasions. Reputedly, his brother Kristofer Sekse (1804–1836) was the originator of the tune. After Kristofer died young, both Olav and his mother Madli became very fond of the tune, which they referred to as Kristafor-takje. Kristofer was a horse trader in Telemark and Setesdal. One year he never returned. Only some bones and items of clothing were recovered, the absence of a wallet indicating that he may have been robbed and killed. In Telemark, the tune is known as Myllarens minne. Kjetil Løndal can be heard performing Myllargutens minne on TA39.

Det var rockemusikar eller skihoppar eg egentlig skulle bli, spele trommer i eit av verdas hardaste band eller fly fleire hundre meter i hoppbakken. Det kjendest og slik i nokre fantastiske musikalske augeblikk i øvingslokalet på ungdomshuset i Ulvik eller når eg passerte 30 meters merke i Myråsen i Aurdal med god margin. Men det var noko anna som drog i meg, musikk som eg heilt frå eg var bitteliten hadde festa meg ved heime hjå besten og farmor på Dale. Eg var alltid snar med å springe bort til veggen der felene til besten var. Han hadde ein krok i stova der felene hang på veggen og notar og kassetar låg på bordet. Besten hadde fela i hendene mest heile tida når han var heime. Og hadde han ikkje det song eller plystra han. Farmor måtte vera det mest tolmodige menneske, tenkte eg. Men det var her eg fekk høyre og prøve, og interessa vakna.

Eg var ikkje gamle karen før besten kjøpte ei lita kinafele som han kom med. Den vart vel like mykje brukt til å spele tennis og anna med i starten. Bror min hadde ei sær god backhand. Etter kvart vart det musikkskule i Ulvik med Knut Hamre som lærar. Dette vart ei flott tid med ein utruleg læremeister som fekk mykje å seie for meg. Øvingane var på planteskulen i Holmen i Ulvik. Det var å sykla frå øving på ungdomshuset med pipande høgfrekvente lydar i øyra til planteskulen med fela på ryggen. På åttitalet kom ein gul kassett frå Hardanger Folkemusikksamling med spelemannen Halldor Meland. Denne fekk eg av Knut, og Metallica vart bytta ut med Meland i walkmanen. Jevnaldrande kompisar trudde eg var revnande galen der eg kom syklande med fela på ryggen og Meland på øyra.

Det vart slik at besten, Knut og Melanden fekk taket på meg. Verda måtte klare seg utan rockemusikaren eller skihopparen i meg. Dei fekk det kanskje som dei ville alle tre.

*Frank Henrik Rolland*

1. **Springar etter Halte-Lars**, ein av dei gode danseslåttane etter Lars Røystrand (1822–1899). Lars braut foten som liten gut og hadde ikkje tolmod til å ligga til brotet var grodd. Han vart halt og gjekk med krykke all sin dag og vart difor kalla Halte-Lars. Han drev som skreddar og urmakar og kjøpte den fyrste symaskina som kom til Granvin og ei av dei fyrste i heile Hardanger. Eg har lært slåtten hjå Knut Hamre.
2. **Kjømbergen**, bruraslått etter spelemannen Vrål Kjømberget (1812–1838). Dette er ein av dei flotte brureslåttane i Hardanger. Slåtten finst i fleire former, og eg spelar her det som blir kalla den gamle forma. Myllaren høyrde Vrål Kjømberget og vart teken av det fine spelet. Vrål døydde i ung alder men folk minnst det fine spelet hans. Eg har lært slåtten etter Ingeleiv Kjerland Kvammen.
3. **Myren**, springar. Denne slåtten fekk eg læra hjå Olav Kvammen (1930–2008) i Granvin. Halldor Meland har forma ut slåtten. Olav Kvammen gjekk i fleire år i lære hjå Halldor og sat inne med eit stort repertoar etter han. Namnet er etter spelemannen Nils Flatabø (1823–1909), som budde på plassen Myren. Eit anna kallenamn han hadde var venstrehandsplogen, han var keivhendt og spela med fela i høgre handa. Han hadde tre feler som var spesialrigga med bassbjelken på høgresida. Denne slåtten vart og kalla for Tiedalar-slåtten.
4. **Grautatvåro**, rull etter Anders Kjerland (1900–1989). Dette er ein mykje brukt rudleslått på nedstilt bass med eit lite vakkert slåttestev: «Kjæringje fata grautatvåro, drog so mannen i rævaskoro, fata so ein korva-mole og sette han til endes i ...hole».

5. **Huldreslått 2**. Etter Eirik Eirikson Medås (1769–1854), frå Medås i Granvin der han drev som smed og spelemann. I 1811 fekk han festekontrakt på livstid på gjestgjevarstaden Øvre Vassenden, og han flytte dit og tok namn etter bustaden. Han gifte seg med Kari Helgesdotter. Ho var 21 år yngre enn mannen og skal ha vore ei myndig kvinne som «styrde både broki og stak-dancer». Eirik Eirikson Medås var ein kjend spelemann, og det lever fleire slåtтар i tradisjon etter han. Mest kjend er Vassenda-slåtten og to huldreslåttar som eg spelar på denne innspelinga.
6. **Moguten**, springar. Denne slåtten var det Leif Rygg som sa til meg at eg måtte læra. Og det fekk eg av han. Slåtten finst i fleire variantar. Høyr Knut Sandal spela Horlo på TA19.

1. **Springar after Halte-Lars**, one of several excellent dance tunes after Lars Røystrand (1822–1899). Lars broke a leg while still quite young. Too impatient to stay in bed until the fracture was properly healed, he was forced to use a crutch for the rest of his life; thus the nickname Halte-Lars (“Lars with the limp”). He was a tailor and clocksmith, and brought the very first sewing-machine to Granvin (it was also among the first in all of Hardanger). Knut Hamre taught me this tune.
2. **Kjømbergen**, wedding march after the fiddler Vrål Kjømberget (1812–1838). This is one of Hardanger’s many great wedding marches. The tune exists in several versions, and I have chosen to play what is known as the “old” form. Vrål died young, but is remembered for his exceptional playing which impressed even the legendary fiddler Myllarguten. I learnt this tune from Ingeleiv Kjerland Kvammen.

3. **Myren**, springar. Olav Kvammen (1930–2008) at Granvin taught me this tune in Halldor Meland’s version. Olav Kvammen was Halldor’s apprentice for several years and knew a large number of his tunes. The title refers to the fiddler Nils Flatabø (1823–1909), a smallholder at Myren. He was also called “the left-handed plough”, as he was left-handed and preferred to hold the fiddle in his right hand. He owned three fiddles modified to carry the strings in reverse order. This tune was also known as Tiedalar-slåtten.
4. **Grautatvåro**, rull after Anders Kjerland (1900–1989). An oft-played rull in violin tuning, sometimes performed with a raunchy lyric.
5. **Huldreslått 2**. After Eirik Eirikson Medås (1769–1854), from Medås, Granvin, where he worked as a blacksmith and fiddler. In 1811 he obtained a life-time contract for the inn at Øvre Vassenden, took the name of his new home and married Kari Helgesdotter, a strong-willed woman 21 years his junior, who came to run the household with a firm hand. Eirik Eirikson Medås was a well-known fiddler, and several tunes in his tradition have survived, the most famous being Vassenda-slåtten and the two wood-nymph tunes included on this album.
6. **Moguten**, springar. Leif Rygg insisted that I learn this tune, which exists in several versions. Knut Sandal can be heard performing Horlo on TA19.

I always imagined I'd be a rock musician or a ski jumper, playing drums with the hardest band in the world or flying for hundreds of meters off the ski jump. And it felt like it, too, those fabulous moments rehearsing with my band at the youth centre in Ulvik or stretching way past the 30 meter mark at Myråsen in Aurdal. But something else entirely was pulling me, music that I've known ever since I was a small child visiting my grandparents' house at Dale. I always headed straight for the wall where my grandfather kept his fiddles. He had a corner in the living-room with his fiddles hanging on the wall and a table full of sheet music and cassettes. When my grandfather was at home, he had a fiddle in his hands most of the time, and when he didn't, he'd sing or whistle. I used to think my grandmother's patience knew no end. Still, this was where I could listen and try out things, and where my passion was born.

I was still quite young when my grandfather bought me a cheap fiddle. In the beginning, it was probably used as much for tennis as for music. My brother had a wicked backhand. Later on, I went to music school in Ulvik with Knut Hamre as my instructor, a wonderful time with an excellent instructor who has influenced me a lot. My lessons took place at the garden nursery at Holmen in Ulvik, so I'd ride my bike straight from rehearsals at the youth centre to the garden nursery with my ears still ringing and the fiddle in my backpack. Sometime during the '80s the Hardanger folk music archive released a cassette recording of fiddler Halldor Meland. Knut gave me a copy, and Meland immediately replaced Metallica on my Walkman. Seeing me riding past on my bike with the fiddle on my back and Meland in my headphones, my mates were convinced I had taken leave of my senses.

This is how my grandfather, Knut and Meland got the better of me and the world had to do without my rock drumming and ski-jumping abilities. Most probably, this was just the way they wanted it.

*Frank Henrik Rolland*

7.

**Rekveen**, bruerslått etter Nils Rekve (1777–1846), Voss. Dette er ein av dei fyrste slåttane eg lærde hjå Knut Hamre, og sidan har eg høyrte på ulike former. Nils Rekve enda sine dagar i 1846 i Samnanger. Der kom han innom eit bryllaupslag hjå folk han kjende. Spelemannen i bryllaupet var ein dei kalla Kjosaguten, men då Rekveen kom, måtte han spela. Dette likte Kjosaguten så lite at han blanda lut i ølet til Rekveen. Han vart gravlagd i ei namnlaus grav på kyrkjegarden i Årland, Samnanger. Høyr Fridtjof Ermeshagen spela Rekveen på TA22.

8.

**Springar etter Anders Kjerland**. Ein liten danseslått på nedstilt bass. Anders Kjerland var ein meister til å spela og å få mykje musikk av desse korte små slåttane. Eg har lært slåtten etter opptak med Anders Kjerland.

9.

**Rull etter Anders Kjerland**. Eg har lært slåtten etter opptak med Anders Kjerland (1900–1989) som hadde han etter faren Severin Kjerland (1867–1961). Severin Kjerland var nok av dei beste kjeldene for Anders når det kom til gamalt spel. Severin lærde m.a hjå Hans Jakobsen Selland, Ola Håstabø, Halte-Lars og Ola Mosafinn. Halte-Lars skal ha sagt at «han e so nøyen me fingrane han Severin».

10.

**Akslabiten**, rull etter Per Bulko (1797–1876). Namnet på slåtten skal koma av at det var ein dei kalla Ellings-Sjur som var svært glad i felespel. Han sat alltid på venstre sida av spelemannen og la hovudet sitt bort på oksla hans. Kom det ein god slått eller nokre fine tak han lika godt, beit han gjerne spelemannen i oksla. Dette gjorde han ein gong Per Bulko spela denne slåtten som då vart kalla Akslabiten. Eg har lært slåtten av Ingeleiv Kjerland Kvammen.

11.

**Seksaren**, springar. Dette er ein av favorittane mine, her må ein stå på. Slåtten er etter spelemannen Olav Person Sekse (1823–1896), kalla Folkedalene, etter han flytta dit. Han spela og bytte slåttar med Myllaren fleire gonger. Bror hans, Kristofer Sekse (1804–1836), skal ha laga utgangspunktet for denne slåtten. Dei kalla slåtten for Kristafor-takje og Ola og mora, Madli, var svært glade i denne slåtten etter at Kristofer gjekk tidleg bort. Han dreiv mykje som hestehandlar i Telemark og Setesdal. Eit år kom han ikkje att og dei fann berre noko bein og klede etter han og hesten, men inga lommebok, så truleg hadde han vorte rana og myrda. Slåtten vert i Telemark kalla for Myllarens minne. Høyr Kjetil Løndal spela Myllargutens minne på TA39.

12.

**Rull etter Anders Kjerland.**

Dette er ein av dei gode danseslåttane på nedstilt bass. Eg fekk lære slåtten av Håvard Kvandal (1910–2005). Håvard var ein fantastisk god ven og rettleiar som eg ikkje kan få sei nok godt om. Turane til Kvandal for å spela og prata hjå Håvard er noko eg saknar stort. I periodar snakka me mest kvar dag på telefonen. Når han ringde og eg lyfta røyret, sa han «hallo, da e berre meg» og so var praten i gang. Håvard hadde ei enorm slåttekunne og hugsa dei tone for tone, akkurat slik han hadde lært dei. Mine beste spelstunder har utan tvil vore i den vesle raude stova i Kvandal etter krutsterk kaffi og skillingsbollar med tytebærsyltetøy.

13.

**Bjotveiten**, rull. Slåtten er etter spelemannen Engjel Olavson Bjotveit (1756–1832). Han var òg felemakar. Eg har slåtten etter Knut Hamre.

14.

**Storasengslåtten**, rull. Denne slåtten vart bruka når brureparet skulle til senga bryllupsnatta. Eg veit ikkje at slåtten har vorte brukt til akkurat dette i nyare tid, men då eg sjølv gifta meg var det to spelemenn i bryllupet som bestemte seg for å ta oppatt denne tradisjonen. At spelemannen skulle spela brureparet til senga var vel og greitt, men brureparet og to spelemenn i senga vart i trongaste laget. Takk til Einar og Knut for å ta vare på tradisjonane.

15.

**Huldreslått 1**. Etter Eirik Eirikson Medås. Huldreslåttane har eg etter Knut Hamre.

16.

**Anders Kjerlands minne**. Springar av Eivind Mo (1904–1995). Tidleg på 70-talet var Leif Rygg innom Eivind Mo etter ein kappleik i Tuddal. Eivind hadde då laga denne fantastiske springaren som han sa Leif fekk ta med seg vestover. Leif reiste vidare med slåtten og vitja Kjell Midtun på vegen. I stova hjå Kjell sat Anders Kjerland. No fekk Anders helsinga frå Eivind overlevert av Leif. Ei flott historie mellom tre spelemenn eg set svært høgt. Eg har slåtten etter Knut Hamre.

17.

**Springar etter Oddmund Urheim (1816–1896)**. Oddmund Urheim var vridkjend spelemann og viseskrivar frå Sørffjorden. Denne slåtten var mest gløymd i Hardanger, men Kjell T. Midtun (1935–1987) fekk lære han i Telemark hjå Eivind Mo. Eg har slåtten etter Knut Hamre.

**Feler eg nyttar på innspelinga:**

Spor 1, 2, 3, 6, 7, 10, 11, 14, 16 og 17: Håvard Kvandal 1994.

Spor 4, 8, 9, 12 og 13: Olav G. Helland 1929.

Spor 5 og 15: Endre E. Sandland 1916.

